



Statens vegvesen

Referanser:

Dykkar:

Vår: 17/926 - 17/7845

Saksbehandlar:

Berit M.Eskeland


Berit.Eskeland@meland.kommune.no

Dato:

05.05.2017

Førespurnad om vurdering av forkjørregulering av Havnevegen - Meland kommune

KV 1015 Havnevegen går frå FV 564 til Frekhaugkaien gjennom Frekhaug sentrum. Havnevegen har ein ÅDT på 4200 på strekninga som ligg nærast fylkesvegen, og er såleis den mest trafikkerte kommunale vegen i Meland kommune.



Havnevegen er i dag ikkje forkjørregulert. Dette skapar utfordringar spesielt i to kryss: Havnevegen/Nordgardshaugen (raud ring på kartet) og Havnevegen/Havnevegen (blå ring på kartet). I begge desse kryssa kan det sjå ut som at bilar kjem ut frå parkeringsplassar, og trafikk langs hovudvegen vil difor kunne anta at dei ikkje har vikeplikt. Dette skapar farlege situasjonar med fleire nesten-ulukker.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no

Postboks 79, 5906 Frekhaug

Besøksadr: Havnevegen 41 A

5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no

Telefon +47 56 17 10 00

Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722

Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Kommunen vurderar at dersom Havnevegen vert regulert som forkjørsvog vil dette kunne avklare trafikksituasjonen og bli tryggare for trafikantar. Vidare bør forkjørreguleringa også inkludere FV 564 HP52 som ligg mellom Havnevegen og FV 564 HP5.

Ettersom det er Statens vegvesen som er skiltmynde for forkjørsvog etter skiltforskrifta § 27, ber vi dykk om å vurdere og evt. fatte vedtak om forkjørregulering av KV 1015 Havnevegen og FV 564 HP52.

Formannskapet i Meland kommune har også bedt om at KV 1027/KV 46 Mjåtveitvegen vert vurdert forkjørregulert. Kommunen er klar over at dette er ein annan type veg enn Havnevegen, men den får meir og meir trafikk grunna snøggåten som går frå Frekhaug kai.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Berit M.Eskeland
rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:

Statens vegvesen